

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
Christian Kolstad	12.10.07	MR 25653/2007/	Eivind Hasle,71 25 87 86	28.11.2007

Uttale frå Møre og Romsdal fylke vedk. Opplæringslova - høyring om endringar 2007

Fylkesutvalet behandla sak U 137/07 i møtet 26.11.2007 og følgjande vart ført i møteboka:

Gunn Berit Gjerde, V, fremma på vegner av seg sjølv og Kristin Sørheim, Sp, følgjande forslag:

“Alternativ til andre avsnitt i punkt b:
Likevel meiner vi at utdanningssystemet ikkje er modent for ei ordning der enkeltvedtak kan skje utan sakkyndig tilråding. Eit slikt system er ei svekking av rettane til dei elevane som ikkje kan følgje ordinær undervisning. Ut frå dette stør vi ikkje denne delen av lovforslaget.”

Kristin Sørheim, Sp, fremma følgjande forslag:

“Tillegg til a):
Meirkostnaden for fylka må kompenserasst.”

Toril Melheim Strand, Ap, fremma følgjande forslag:

“I 3. avsnitt, 4. linje, stryk:
... når vi ser den i samanheng med den elev- og foreldregruppa vi her snakkar om.”

Votering:

Tilrådinga punkt a vart samrøystes vedteke.

Sørheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga punkt b, 1. avsnitt, vart samrøystes vedteke.

Strand sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ votering mellom tilrådinga punkt b, 2. avsnitt (med forslaget frå Strand), og Gjerde sitt forslag, vart tilrådinga vedteke med 9 mot 4 røyster.

Tilrådinga punkt c vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga punkt d vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fylkesutvalet - 26.11.2007

a) Møre og Romsdal fylke sluttar seg til lovendinga foreslått i 2.4. – 2.6. om rett til vidaregåande opplæring for vaksne, og med dei merknadene om behovet for problematisering av skillet mellom ungdomsrett og vaksenrett som er nemnt i saksframlegget. Meirkostnaden for fylka må kompenseras.

b) Møre og Romsdal fylke sluttar seg til lovendingane i kapittel 3 om å sjå tilpassa opplæring og spesialundervisning i samanheng. Det er samtidig svært viktig at kravet om tilpassa opplæring som eit overordna krav til opplæringa, ikkje blir svekka.

Vi føler oss noko utrygge på om heile utdanningssystemet enda er modent for framlegget om å kunne gi spesialundervisning etter enkeltvedtak utan at det føreligg sakkyndig uttale, og om den rettstryggleiksgarantien som her er lagt inn, er god nok. Samtidig veit vi at dette er noko som er drøfta og varsla alt frå Søgner-utvalets innstilling, og som vi som skoleeigar må sikre gjennom arbeidet med kvalitetssystemet vårt. Ut frå dette stør vi lovframlegget.

c) Møre og Romsdal fylke støttar framlegget i kapittel 4 om styrka rett til språkopplæring for minoritetsspråklege elevar, men vil samtidig peike på at dette framlegget mest truleg også vil få administrative og økonomiske konsekvensar, sjølv om desse i dag er vanskeleg å talfeste. Meirkostnadene for fylka må kompenseras.

d) Møre og Romsdal fylke støttar forslaget i kapittel 5 om å utvide arbeidsområdet for foreldreutvalet (FUG) til å gjelde heile grunnopplæringa.

Med helsing

Olav Bratland
fylkesordførar